

BEREKRAFT- STRATEGI FOR



STRYN
NÆRINGSHAGE



Berekraftsmål

Stryn Næringshage skal aktivt bruke [FN sine Berekraftsmål](#) som rettleiar for drifta. Vi skal tenkje berekraft i alle ledd, og vise publikum, deltakarar og samarbeidspartnarar at vi tar klimakrisa på alvor.

Organisasjonen følgjer tilrådingane frå FN sitt klimapanel, og vi ønsker å redusere vårt klimautslepp. Vi skal auke vår kompetanse på klimasmarte løysingar slik at vi kan drive med lavast mogleg utslepp.

Fokusområde

Vi har valt seks fokusområder for vårt miljøarbeid. Kvart område er skildra med tre tiltakspunkt. Tiltaka gjeld både for vår eiga drift og der vi kan påverke.

- ✓ god utdanning
- ✓ likestilling
- ✓ mindre ulikheit
- ✓ ansvarleg forbruk og produksjon
- ✓ anstendig arbeid og økonomisk vekst
- ✓ berekraftige byar og lokalsamfunn

Takk!



Gjennom med å ha signert se prinsipper for god kommunikasjon. Skift høyrer velkjøpt fortsettet det gode arbeidet med å bidra til mer tilstrekkelig berekraftskommunikasjon.

Som en av velkjøpene har vi signert prinsipperne heretter vi også inn til digitale samlinger innenfor nærmere gjenomgang. Legg mer opp til tross over etiketten som her signert.

Tiltak innafor måla



4 GOD
UTDANNING



5 LIKESTILLING
MELLOM KJØNNENE



8 ANSTENDIG ARBEID
OG ØKONOMISK
VEKST



10 MINDRE
ULIKHET



11 BEREKRAFTIGE
BYAR OG
LOKALSAMFUNN



12 ANSVARLIG
FORBRUK OG
PRODUKSJON

1. Formidle relevante kurs og utdanning til dei vi er i kontakt med.
2. Jobbe for gode synergiar mellom utdanningsinstitusjonane i regionen.
3. Gjennom skule-koordinatortilsettinga drive opplysningsarbeid og feltarbeid for å fremje utdanningsmoglegheiteina som fins, samt skape eit godt samarbeid mellom næringsliv og utdanningsinstitusjonar.
1. Jobbe for flere kvinner inn i styrer og leiarstillingar.
2. Få fram dei gode stemmene innafor likestilling og gje dei plass og taletid på arrangement der det er relevant.
3. Ikkje vere redd for å tale likestillinga si sak.
1. Formidle moglegheitene til alle som tek kontakt gjennom 1linjetenesta.
2. Ha god kontakt med bedriftene og bistå med rådgjeving og rett henvisning der vi kan hjelpe dei til å skape gode og berekraftige arbeidsplassar.
3. Vidareformidle informasjon som kan gjøre bedriftene betre, som t.d. BIO-midlar og liknande ordningar.
1. Ha god kontakt og jobbe saman med inkluderingsutvalet, NAV og flyktingtenesta i kommunen.
2. Vise openheit og god henvisningskompetanse gjennom 1linjetenesta uavhengig av kven som kjem.
3. Vere initiativtakar der vi ser moglegheit for tiltak som kan fremje mindre ulikheit.
1. Gi taletid til temaet berekraft, og legge til rette for gode møteplassar i lokalsamfunnet.
2. Vere delaktige i arbeidet om betre vegar i regionen, sånn at fleire kan ferdastr trygt også i framtida.
3. Engasjere oss i saker som fremjer berekraftige løysingar, der vi kan tenke samhandling, samkøyring og flerbruk innafor t.d. skular og kulturtilbod.
1. Vi skal halde vårt miljøavtrykk til eitt minimum. Dette involverer samkøyring der det er mogleg, lite print av papir, minimeres matsvinn og ellers velge miljøvennlege løysingar der vi kan.
2. Vi skal fremje bedrifter som før til berekraftig produksjon og forbruk, og nytte desse til å inspirere andre bedrifter til det same.
3. Vi skal jobbe for at næringslivet bryr seg om etiske retningslinjer, gjennom å fremja dei som gjer det.

Stryn Næringshage har også som eit tiltak for å fremje berekraft på rett måte, skrive under [grønnvaskingsplakaten](#). Med dette forpliktar vi oss blant anna til å drive ein god og korrekt kommunikasjon kring berekraft.